



Statens vegvesen

Masfjorden kommune
Postboks 23
5981 MASFJORDNES

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Hege Løvteit / 55516404

Vår referanse:
15/256907-19

Deres referanse:
14/704 – 17/5836

Vår dato:
31.10.2017

Uttale – Reguleringsplan for bru over Masfjorden – Offentleg ettersyn

Me viser til framlegg om reguleringsplan for fv. 570 Masfjordbrua, sendt på offentlig ettersyn til Statens vegvesen 15.09.2017.

Masfjorden kommune står som forslagstiller for planframlegget. Tiltaket gjeld utbetring av eksisterande fylkesveg og bygging av bru som erstatning for dagens ferjesamband. Statens vegvesens ansvar i planarbeidet er knytt til utforming av veganlegget, både med omsyn til trafiksikkerhet og drift når anlegget er ferdigstilt, men òg bygging av anlegget. Me har òg ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert tekne omsyn til i planlegginga. Til denne planen uttalar me oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommune og som statleg fagmynde med sektoransvar innan vegtransport. Statens vegvesen vil òg stå som byggherre når veg- og bruanlegget skal byggast.

Statens vegvesen har delteke i arbeidsgruppe for utarbeiding av planen og kjenner soleis innhaldet i planen godt. Vegdirektoratet har utarbeidd forprosjektet for sjølve brua som ligg til grunn for reguleringa.

Vår vurdering av planforslaget

Hovudgrepet i planen vurderer me som gjennomarbeidd, og ei god løysing for etablering av ei fjordkryssing over Masfjorden. Veganlegget er utforma i tråd med Statens vegvesens normalar. For å sikre trafikktryggleik gjennom Sandnes ved økt trafikk som følgje av brua er rekkefølgjekravet knytt til utbetring av fv. 570 gjennom Sandnes særleg viktig.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

På grunn av tidspress har det ikkje vore tid nok til avklaringar knytt til detaljutforming av planen før den vart lagt til offentleg ettersyn. Masfjorden kommune og Statens vegvesen har i etterkant av utlegging til offentleg ettersyn hatt ein gjennomgang av planmaterialet. Denne merknaden er ein oppsummering av punkt i planen det var semje om at skulle endrast før endeleg vedtak av plan i kommunestyret.

Teikningsgrunnlag:

- Teikningane framstår som noko uferdige. Statens vegvesen ønskjer at særleg skråning- og skjeringsutslag vert gjennomgått, og at naudsynt areal for etablering av vegen vert vist i teikningar og i reguleringsplan. Dette gjeld også behov for mur der det er naudsynt.
- Innløysing av hus/hytter. Hus/hytter som skal løysast inn må visast i C-teikning.
- Vertikalkurvatur på brua må samsvare med vertikalkurvaturen som er vist i forprosjekt utarbeidd av Vegdirektoratet.
- Fortau skal vere gjennomgåande forbi tunnel til forankringskammer på Duesundøysida. Avkøyrsla skal vere stengt med bom.
- Tunnel til forankringskammer på Masfjordnessida skal flyttast. Påhugg skal vere i skjeringa for tilføringsveg til brua.
- Radier i kryss og avkøyrslar må vere synlege og lesbare i C-teikning og reguleringsplan.
- Sikttilhøva i kryss og avkøyeringar må komme tydeleg fram, dette gjeld òg for rundkøyeringa på Masfjordnes.
- Avkøyrslar som skal stengast må visast med symbol i planen og på C-teikningane. Der det skal vere avkøyrslar må desse visast i planen, enten teikna inn eller vist med pil.
- Breiddeutviding skal så langt det lar seg gjere leggest inn i vegmodell.

Plankart:

- Generelt må det vere samsvar mellom formål i kart og i føresegner.
- Generelt må det settast av tilstrekkeleg med SVG for å sikre areal til utviding av eksisterande veg / bygging av ny veg.
- For fylling i sjø ønskjer Statens vegvesen at det er regulert gjennom et endeleg formål og ikkje er knytt til mellombels rigg- og anleggsområde.
- For områda rundt kabelforankring på Duesund skal det visast arealformål SVT mellom veg og kabelforankring.
- Fortau regulerast med formål SGG, med tilhøyrande føresegn.
- Der det regulerast mellombels rigg- og anleggsområde bør underliggende formål vere henta frå gjeldande reguleringsplan eller frå KPA.
- Dei delane av planen som ikkje skal nyttast i veganlegget, enten i endeleg utforming av anlegget eller mellombels i byggeperioden kan takast ut av planen.

Reguleringsføresegner:

Generelt visast det til møte, og gjennomgangen av føresegnene der. Me ønskjer å trekke fram følgjande punkt som må endrast:

§3.7.1

Område regulert til kombinert formål naust og park skal i anleggsfasen nyttast til utfylling av overskotsmassar frå veganlegget og nyttast til anleggsområde. Det er krav til avbøtande tiltak ved utfylling i området jf. §1.4.

Endrast til:

Område regulert til kombinert formål naust og park kan i anleggsfasen nyttast til utfylling av overskotsmassar frå veganlegget og nyttast til anleggsområde. Det er krav til avbøtande tiltak ved utfylling i området jf. §1.4.

§3.7.2

Etter gjennomført anleggsarbeid skal området disponerast til naust og park. Det er krav til utarbeidet av detaljreguleringsplan for området før omdisponering frå utfylling/anleggsområde til naust og park jf. §10.2.

Endrast til:

Etter gjennomført anleggsarbeid kan området disponerast til naust og park. Det er krav til utarbeidet av detaljreguleringsplan for området før omdisponering frå utfylling/anleggsområde til naust og park jf. §10.2.

§4.3 og 4.4

Det må presiserast i føresegn at SVT og SVG kan nyttast som rigg- og anleggsområde i byggefase for veg/bru.

Område for fylling i sjø

Område for fylling i sjø ønskjer me at i føresegna skal vere knytt til eit endeleg, og ikkje eit mellombels, arealformål.

Me foreslår at område i sjø der det er tillate med fylling vert regulert som eit avgrensa, nummerert VNV-område og at det gjennom føresegn vert opna for fylling i sjø. Føresegna kan og si noko om kor høgt ein kan fylla.

Oppsummering / konklusjon

Planframlegget tilfredsstillar ikkje våre interesser og krav når det gjeld å detaljere og å sette av tilstrekkeleg med areal for bygging av tiltaket. Dersom planen endrast i samsvar med punkta over vurderer me likevel plangrunnlaget til å vere tilstrekkeleg for gjennomføring av tiltaket. Me legg derfor til grunn at desse endringane vert utført før planen vert endeleg vedteke i kommunen.

Vegavdeling Hordaland

Med hilsen

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Hege Løvteit
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune – Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN